

Landbruksplan for Hordaland 2004 - 2007



Fylkesmannen i Hordaland - Landbruksavdelinga
Hordaland Fylkeskommune
Innovasjon Norge-Hordaland
Hordaland Bondelag
Hordaland Bonde- og småbrukarlag

Forord

Landbruksplan for Hordaland 2004-2007 er ein felles plan utarbeidd av Hordaland bonde- og småbrukarlag, Hordaland bondelag, Fylkesmannen i Hordaland landbruksavdelinga, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune. Planen tek utgangspunkt i landbruket si multifunksjonelle rolle, og ser landbruket i samanheng med anna nærings- og bygdeutvikling. Vår ambisjon er at *Strategisk landbruksplan 2004-2007* skal vere ein tiltaksplan for framtidsretta utvikling av landbruket i Hordaland innafor rammene av nasjonal landbrukspolitikk. Planen er ei revidering av *Strategisk landbruksplan for Hordaland 2001-2005* som i hovudsak omhandla jordbruk. Den reviderte planen omhandlar og skogbruk/utmark og arealforvaltning. I tillegg viser vi til eksisterande landbruksrelaterte planer til samarbeidspartane.

Planen har bakgrunn i at *Regional landbrukspolitikk* vart teke inn som eit eige programområde i det *Regionale utviklingsprogrammet (RUP 2003)*. Landbruk vart dermed sett høgare på den politiske dagsorden i fylket. Samarbeidet om planen kan også sjåast på bakgrunn av avklaringane i oppgave- og ansvarsfordelinga i offentleg sektor, jf Stortinget si handsaming av

St.meld. nr. 19 (2001-2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå.

Frå 2004 vil kommunane få større ansvar for gjennomføringa av landbrukspolitikken gjennom arealforvaltning, konsesjons- og delingssaker, miljø- og kulturlandskapsmidlar og midlar til skogbruk. Faktorar som auka lokalt engasjement, gode lokalkunnskapar, m.m. er viktige årsaker til denne endringa i frå 2004. Partnerskapen mellom kommunar, bondelag, regionale utviklingsaktørar og andre må no vidareutviklast.

Frå 2005 vert det oppretta eit regionalt miljøprogram der ein del av verkemidlane til landbruksnæringa vil verte tildelt etter regional utfordringar og prioriteringar. Fylkesmannen saman med næringsorganisasjonane vil ha ansvar for å utarbeide forslag til det regionale miljøprogrammet. Fylkeskommunen sine politiske organ vil verte trekt inn i arbeidet med å utforme overordna miljøutfordringar.

Landbruksplanen er basert på medverknad og innspel frå fire regionvise prosessamlingar. Dette

har og gjort det lettare å kunne fange opp ulike tematiske og geografiske prioriteringar. Ei prosjektgruppe, med representantar frå dei fem samarbeidsaktørane, fekk ansvar for utarbeiding av dokumentet.


Overordna målsetting i landbruksplanen er: **“Vi vil arbeide for eit livskraftig landbruk og levande bygder i heile fylket”**. Det var ikkje trong for å endre på hovudstrategiane i frå *Strategisk landbruksplan 2001-2005*, men det er lagt til ein fjerde strategi om påverknad av rammevilkår. Ein avklaring i WTO vil på sikt kunne skape endringar i rammevilkåra.

Vi voner at landbruksplan for Hordaland 2004-2007 kan vere ein nyttig reiskap i kommunane sitt arbeid med eigne landbruksplanar, og at vi kan realisere dei regionale strategiane gjennom gode tiltak og prosjekter frå kommunane. Landbruksplan for Hordaland 2004-2007 er lagt fram til fylkespolitisk handsaming, og har status som innspel til Regionalt utviklingsprogram (RUP).



Arne Lofthus

Leiar, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag



Nils T. Bjørke

Leiar, Hordaland Bondelag

Sign.

Jan Per Styve

Direktør, Avd. for Strategi og utvikling
Hordaland fylkeskommune



Ole Bakkebo

Landbruksdirektør
Fylkesmannens landbruksavdeling



Nina Broch Mathisen

Direktør
Innovasjon Norge-Hordaland

Innhald

1. Fakta og utviklingstrekk for landbruket i Hordaland	4
1.1... Jordbruksareala	4
1.2... Gardsbruk i drift	4
1.3... Skogbruksareala	4
1.4...Bruksstorleik og leigejord	5
1.5... Husdyrproduksjon	6
1.5.1... Mjølkekyr	6
1.5.2... Sau	6
1.5.3... Andre husdyrproduksjonar	6
1.6...Økologisk landbruk	8
1.7...Frukt	8
1.8...Bygdeutvikling	8
1.9... Kulturlandskap	9
1.10... Utmark	9
1.11... Driftsgranskingane i jordbruket	9
2. Utfordringar for landbruket i Hordaland	10
2.1... Auka verdiskaping	10
2.1.1... Omstilling og nyskaping	10
2.1.2... Eigedomsstruktur og samarbeid	11
2.1.3... Kompetanse	11
2.1.4... Skogbruk	11
2.1.5... Økologisk jordbruk	11
2.1.6... Mat	12
2.1.7... Frukt	12
2.1.8... Reiseliv	12
2.1.9... Offentlige krav	12
2.2... Langsiktig arealforvalting - areal som ressurs	12
2.2.1... Eigedomsstruktur	13
2.2.2...Kulturlandskap	13
2.2.3...Utmark	14
2.3... Busetting og rekruttering	14
2.3.1... Rekruttering	14
2.3.2... Samarbeid	15
2.3.3... Fråflytting	15
2.4... Påverknad	15
2.4.1... Alliansar	15
2.4.2...Haldningar	15
3. Overordna mål og strategiar for å møte utfordringane	16
3.1... Overordna mål	16
3.2... Strategiar	16
4. Aktuelle virkemidlar	17
5. Tiltak	18
Vedlegg: oversikt over prosjekta	

1. Fakta og utviklingstrekk for landbruket i Hordaland

1.1 Jordbruksareala

I Hordaland er det omlag 436.000 dekar jordbruksareal i drift. Hordaland er eit typisk husdyrfylke der heile 97% av totalt jordbruksareal vert nytta til grovfôrproduksjon. Til tross for at tal bruk er redusert med over 40% sidan 1987 er totalt jordbruksareal om lag det same i 2002 som i 1987. I 2002 var det i Hordaland 242.000 dekar fulldyrka jord (55%), 50 000 dekar overflatedyrka jord (15%) og 131 000 dekar innmarksbeite i drift (30%).

Frå 1987 til 2002 har areal fulldyrka mark vore stabilt, areal overflatedyrka mark har hatt noko nedgang, medan tal dekar gjødsla innmarksbeite har auka relativt mykje. Bakgrunnen for den relativt store auken i areal innmarksbeite ligg i endringa frå gjødsla beite til innmarksbeite i tilskottssamanheng på slutten av 90-talet.

Jordbruksarealet pr kommune har endra seg noko i perioden 1997 til 2002. Kommunane Bergen, Øygarden, Austevoll, Sund og Samnanger hadde 20-25% reduksjon av jordbruksareal i drift. Kommunane Odda, Radøy og Sveio har i same periode hatt auke i jordbruksareal i drift.

1.2 Gardsbruk i drift


I Hordaland er det omlag 3.900 gardsbruk som har rett på produksjonstilskott. Tilsvarende tal i 1987 var 6.500 bruk, det vil si ein reduksjon på over 40% i perioden. Krav om 30.000 kr i omsetning på bruket for å få produksjonstilskott er den viktigaste enkeltfaktoren til reduksjonen. Dette kravet vart innført i 2002 og ein ser konsekvensane av det no.

Det er dei små bruka i kommunane rundt Bergen som legg ned drifta. I Hardanger, Voss og Sunnhordland har ein mindre nedgang i tal bruk.

1.3 Skogbruksareala

Produktivt skogareal er dobla frå 1930 til i dag. Skogarealet i fylket er om lag 2,5 millionar dekar og dekker ein om lag ¼-del av fylket. 80% av arealet er

TAL BRUK I DRIFT 1987 – 2003 ¹




¹ Ølen kommune er ikkje med i tal materialet.

Oversiktbilete frå gardane Solheim, Olsvoll og Tolleshaug i Radøy som fekk kulturlandskapsprisen i 2003. Foto: Ole Bakkebø

furu- og lauvskog. Særleg lauvskogen brer seg raskt. Granskogen utgjer om lag 500.000 dekar. Økonomisk drivverdig areal (driftsnetto > 0) er kartlagt til knapt 1,5 mill dekar. Uttaket av ved og tømmer ligg på om lag 100.000 m³ pr år. Fylket har 40% skog som pt. ikkje er økonomisk drivverdig. Det vert bygd knapt 20 km skogsbilveg og om lag 15 km traktorveg i fylket kvart år.

Tilveksten i skogane i fylket er på 900.000 m³. Den store auken i tilvekst i høve til tidligare er knytt til granskog planta etter 2. verdskrig. Vi har ikkje oversyn over kor mykje av denne tilveksten som er økonomisk drivverdig etter dagens pris og konkurranseforhold.

SKOGAREAL TILPLANTA ÅRLIG 1952-2002



1.4 Bruksstorleik og leigejord

Deter store skilnader i gjennomsnittsareal mellom kommunane. Gjennomsnittleg jordbruksareal pr driftseining inklusive leigejord har auka frå 72 dekar i 1990 til 114 dekar i 2002. Dei minste bruka ligg i fruktbygdene i Hardanger. Dei største bruka ligg i Sveio, Etne, Osterøy, Radøy og Meland, areala der er i underkant av 150 dekar pr bruk.

I 2002 var 38% av jordbruksarealet i drift leigejord. Frå 1990-talet har ein stadig aukande part av jordbruksarealet vorte leigd tilleggsjord. I 1991 var tilsvarande tal 25%. Mesteparten av leigejorda vert leigd av brukarar som har eige bruk.

Til tross for sterk nedgang av bruk, så er areala oppretthalddt gjennom leigejord og endra tilskotsystem. Dette gjer at areal pr. bonde er ganske konstant og det er lite brakklegging av jordbruksareal.

Skogen i Hordaland er fordelt på 10500 eigedomar. Gjennomsnittet er på om lag 250 dekar produktiv skogsmark. Berre 20% av eigedomane har registrert næringsaktivitet dei siste 5 åra. Det vil seia at 80 % av skogeigedomane ligg under passiv forvaltning.

Foto: Victor Jensen





Beite i Meland der sauen tar seg av vår og høstsesongen, mens storfe beiter midt på sommeren.
Foto: Per Aas Moen

1.5 Husdyrproduksjon

1.5.1. Mjølkekyr


Mjølkeproduksjon er den driftsgreina som betyr mest for sysselsetjinga i jordbruket i Hordaland. Omlag 1.200 bruk driv mjølkeproduksjon. Produksjonstilpassinga innan mjølkeproduksjonen vert styrt gjennom kvoteordninga. Sidan kvotesystemet avgrensar produksjonen på kvart bruk, er det mange bruk som har kvotar som ligg langt under produksjonskapasiteten på bruket. Resten av produksjonskapasiteten vert vanlegvis nytta til kjøtproduksjon.

Frå 1990 til 2003 har tal mjølkeprodusentar gått ned med 30%. Mjølkeproduksjonen i fylket er likevel berre redusert med 14% i frå 1997 til 2002.

Hordaland har knapt 6% av mjølkeproduksjonen i landet. Gjennomsnittleg kvote er på 66.700 liter, noko som er blant dei minste i landet. Det gjer at vi har store utfordringar med omsyn til å ha eit forsvarleg kostnadsnivå pr mjølkeliter. Gjennomsnittet for landet er 84.000 liter.

Det er i 2003 registrert 59 samdrifter i mjølkeproduksjonen. Det er ei dobling frå 1999. Av dei 59 samdriftene har 54 to deltakarar.

MJØLKEKYR OG MJØLKEPRODUSENTAR ¹:




¹ Ølen kommune er ikkje med i materialet

1.5.2. Sau

I 2003 søkte om lag 2.330 gardsbruk om produksjonstillegg for sau. Dette utgjer 63% av bruka i Hordaland. Til saman hadde desse gardsbruka 107.000 vinterfôra sauer. I gjennomsnitt hadde kvart bruk 46 vinterfôra sauer. Trenden er at tal sauebønder går ned, mens dei som driv har fleire dyr enn før og større areal.

Variasjonen mellom kommunane er stor. I kommunane Austevoll, Askøy, Fjell og Fedje er det sauehald på meir enn 90% av bruka. I kommunane Os, Ullensvang, Modalen og Fitjar har mindre enn 50% av bruka sauehald.

SAUER OG SAUEHALD ¹:



¹ Ølen kommune er ikkje med i materialet

1.5.3. Andre

husdyrproduksjonar


Også når det gjeld geitemjolk vert produksjonstilpassinga styrt gjennom kvoteordninga. Over halvparten av dei som produserer geitemjolk har ein buskapsstorleik på mellom 50 og 100 geiter. Geita er ein framifrå kultivator av utmarka og held skogen nede på godt og vondt. Kasjmirgeit er ein spennande nykommar i fylket.

Utviklinga for geitebønder og geit visar at til tross for at tal geit og tal bønder går ned, så er tal geit pr. bonde stigande.

I 2003 var det omlag 480 brukarar i Hordaland som hadde ammekyr. I motsetnad til i alle dei andre husdyrproduksjonane i fylket, har det vore ein auke i haldet av ammekyr. I løpet av 90-talet har tal ammekuprodusentar auka frå drygt 200 til 480 produsentar. Tal ammekyr har i same periode auka frå 700 til om lag 2.700 dyr.

Dei kraftforkrevjande produk-sjonane gris og fjørfe har blitt monaleg redusert i fylket i løpet av dei siste 10 åra. Fallande lønsemd, krav til spreieareal og

GEIT/BØNDER MED GEIT¹:




¹Ølen kommune er med i tallmaterialet frem til 01.01.02

nye krav til innreiing for hald av husdyr gjer at mange har valt å kutte ut produksjonen. Dei som har valt å fortsette, og har investert i nye bygningar og innreiing, har auka produksjonen for å få lønnsemd i det.

Tal produsentar som har purker er berre sidan 1997 redusert med 40 % til knapt 100 produsentar, med litt over 11 purker i snitt. Det er Etne som er den største kommunen når det gjeld gris.

AREAL I DEKAR NYTTA TIL FRUKT OG BÆR I 2002
OG ENDRING I % FRÅ 1995 TIL 2002¹




¹ Ølen kommune er ikkje med i materialet

Nyfriserte sauer klare for beitesesongen.
Foto: Toril M. Mullen



DRIFTSOVERSKOTT I ULIKE DRIFTSGREINER PÅ VESTLANDET

Gjennomsnitt pr bruk - kjelde NILF



Vi har om lag 240 produsentar som har høns. Totalt er det 155.000 høns i fylket. Det er ein reduksjon på 50 produsentar sidan 1997. Meir enn 80 % av desse har mindre enn 1.000 høns, men dei har mindre enn 20 % av produksjonen.

Total produksjon av husdyrprodukt i fylket var i 2002 omlag:

Storfe kjøt	4.300 tonn
Sau kjøt	2.300 tonn
Svine kjøt	2.000 tonn
Fjorfe kjøt	800 tonn
Egg	2.200 tonn
Mjølks	86.000 tonn

Fruktbløming, Lofthus i Hardanger.
Foto: Åse Vaag

1.6 Økologisk landbruk

I 2002 vart om lag 7.780 dekar jordbruksareal godkjend som økologisk, som er 1,8% av jordbruksarealet i fylket. Det er ein auke på 14% frå 2000. 104 brukarar dreiv økologisk eller hadde bruk som var under omlegging til økologisk drift. I overkant av 3000 sau og lam og 154 mjølkekyr var godkjent som økologiske dyr i 2002.

1.7 Frukt

Ca. 2,2 % av jordbruksarealet i drift vart i 2002 nytta til fruktdyrking (9.800 dekar). Under 0,1 % av arealet som får produksjonstilskott vert nytta til bær dyrking. Dette utgjer 370 dekar.

Hordaland har omlag 40% av eple- og pæreproduksjonen i Noreg og nærmare 60% av plomme- og morellproduksjonen. Om lag 75% av fruktproduksjonen i fylket går føre seg i Ullensvang herad. Dei største fruktkommunane i tillegg til Ullensvang er Ulvik og Kvam.

1.8 Bygdeutvikling

Det vert årleg nytta om lag 15 –18 mill kr frå Innovasjon Norge og Fylkesmannen til utvikling av nye næringar med basis i garden sine ressursar i Hordaland. Dette er til god hjelp i tunge investeringsløft som gardbrukarane må ta for å holde gardsbruka i hevd. Gardbrukarane investerar og sjølv i bruka sine, i kompetanseutvikling m.m., både på eiga hand og som eigendel i Innovasjon Norge/FMLA prosjekt. I perioden 1986 – 2002 har ca. 1250 ulike

gardsbruk/personar fått tildelt bygdeutviklingsmidlar til utvikling av konkrete tilleggsnæringsprosjekt i fylket. Vi ser at verknadene av bygdeutviklingsmidlane er store, mellom anna for å oppretthalde busetting og levende bygder i distrikta.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) sine driftsgranskingar syner at på Vestlandet driv 33% av gardsbruka ei form for tilleggsnæring til landbruket. På landsbasis er det tilsvarande talet 44%. På bruk med tilleggsnæring på Vestlandet utgjer driftsoverskotet frå desse næringane i snitt kr 51 400 pr bruk. Dette er nesten 20 % høgare enn i resten av landet.

1.9 Kulturlandskap

I tillegg til produksjon av mat og trevirke har landbruket ein omfattande produksjon av miljø- og kulturgode til nytte for resten av samfunnet. Kulturlandskapet i Hordaland er eit resultat av ein relativt tett busetnad og intensiv utnytting av areala opp gjennom åra. Det kulturprega landskapet strekker seg frå den yttarste holmen, innover tronge fjordar og bratte fjell til slepene inne på Hardangervidda.

Jordbrukslandskapet er prega av grasproduksjon og beitebruk med omfattande teigblanding og små brukseiningar. Skog og utmark er prega av naturleg furu- og lauvskog – som no raskt brer seg innover snaufjell og beitemark. I kulturlandskapet finn vi rike kulturminne i form av bygningar, steingardar og andre element samt viktige biotopar for biologisk mangfald. Landskapet med sine spesifikke særtrekk er basis for lokal identitet og for reiselivet i regionen..

1.10 Utmark

I Hordaland er det 100 beitelag tilslutta organisert beitebruk (50 % av vinterfora sau). 144.000 sau og lam vert årlig sendt på beite.

Slaktevekt for storvilt var i 2001 om lag 330 tonn. Hjorten står for 90% av dette i fylket. Småviltjakt og innlandsfiske er og ressursar som finns i utmarka og som kan nyttast betre.

Det er store uutnyttta vasskraftressursar i mindre vassdrag i fylket berekna til 1,8 - 2,0 Twh. Det er registrert 70 søknader i Hordaland i perioden 1994 – 2002. Om lag 25 er i drift eller under bygging.

1.11 Driftsgranskingane i jordbruket

Diagramma som syner økonomiske resultat for ulike driftsgreiner på Vestlandet er henta frå Norsk Institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) sine driftsgranskingar. Driftsoverskottet skal godtgjere familien sin arbeidsinnsats på bruket og til all innsett kapital.

Som det går fram av tala frå NILF har driftsoverskott pr. bruk gått ned dei siste åra med unntak av 1999 til 2001 der kombinasjonen mjølk/svin og geit har hatt ein positiv utvikling. Inntekta utanom bruket vert stadig viktigare.

Samla sett for alle bruka i driftsgranskingane i Hordaland er driftsoverskotet frå jord- og skogbruket litt lågare enn lønnsinntekta utanom bruka. Både lønnsinntekt og samla familieinntekt på gardsbruka har auka monaleg dei siste åra, medan overskotet frå landbruket har stagnert. 19% av søkjarane av produksjonstilskot (1022 personar) har meir enn halvparten av inntekta si frå tradisjonelt jordbruk (SSB sin jordbruksstatistikk, 2001). På landsbasis er tilsvarande tal 27,5%. Pr. 31.07.03 hadde 3901 bønder søkt produksjonstilskot i Hordaland.



Vakkert kulturlandskap - Åkra i Kvinnherad.
Foto: Berit Karin Rystad



Torv og moldhus: Motiv frå Mellingen, Åsane i Bergen. Torvhusa vart brukt til lagre brenntorv og torv brukt til strø under dyra.
Foto: Reidulv Gald

2. Utfordringar for landbruket i Hordaland

I dag er det Stortingsmelding nr 19 (1999-2000) ”Om norsk landbruk og matproduksjon” og Stortinget si behandling av denne som dreg opp hovudlinene for den nasjonale landbrukspolitikken. I tillegg kjem dei årlege jordbruksavtalene.

WTO-forhandlingane set mange premisser for det nasjonale handlingsrommet. Dei påverkar kor ekspansiv den nasjonale landbrukspolitikken kan vere – det vere seg i Noreg eller i EU. Til tross for sterke internasjonale føringar har ein likevel eit nasjonalt handlingsrom og høve til å gjere fleire viktige landbrukspolitiske val nasjonalt. Det vil truleg verte gjeve større rom for ein regional landbrukspolitikk med utgangspunkt i fylket sin eigedomsstruktur, eigarstruktur, ressursar, marknader og tradisjonar.

I Noreg er det politisk vilje til å oppretthalde hovudtrekka i busettinga i heile landet. Kanaliseringspolitikken har fordelt produksjon mellom distrikta slik at fjell og fjordbygdene har kunne satsa på gras og husdyrproduksjon. Det vert og stadig oftare tala om miljøomsyn, ivaretaking av kulturlandskapet, reist kritiske spørsmål til det industrialiserte landbruket og lagt større vekt på heilskapleg bygdepolitikk. Vekst i folketalet i verda gjer det og naudsynt å ta vare på både jordbruksarealet og produksjonsevna for mat i alle deler av verda.

Ut i frå globale, regionale og lokale endringar ser vi følgjande utfordringar for landbruket i Hordaland:

2.1 Auka verdiskaping

2.1.1 Omstilling og nyskaping

Med de særskilde forholda som er i Hordaland treng bonden moglegheiter for å skapa seg tilleggsnæringar i tilknytning til garden. Det offentlege må tilrettelegga for dette gjennom ulike støtteordningar og bonden må vise initiativ og koma med gode idear for kva som kan gjerast lokalt.

Det vert forventa at bøndene i Hordaland i større grad enn andre stader i landet skal legge om produksjonen til meir marknadstilpassa produkt, til større eigenforedling og til nye omsetningskanalar. I så måte har vi her i fylket relativt gode vilkår for å lukkast, med ein stort lokal marknad, med relativt gode vekstvilkår for småskala næringsutvikling og framleis levande bygdemiljø. BU-midlar og programma for verdiskaping innan mat og trevirke bør difor være svært viktige i vårt fylke.

Bøndene må få hand om ein større del av den samla verdiskapinga i verdikjeda og tena meir pengar. I dag er det sluttledet som sikrar seg gevinst ved effektivisering.

Nedslite driftsapparat og høy gjennomsnittsalder på driftsbygningar i fylket saman med nye krav til bygningar for husdyr vil krevje store investeringar i landbruket i dei kommande åra.

2.1.2 Eigedomsstruktur og samarbeid

Som vist innleiingsvis er Hordaland eit typisk småbruksfylke. Politiken legg opp til stimulering av større brukseiningar innan jordbruket. Vi vil med vår topografi og eigedomsstruktur få vanskar med å imøtekomme krava om effektivisering og kostnadskutt gjennom stordrift. I ein del jordbruksbygder er det likevel stor aktivitet for å finne løysingar på dette, særleg via samarbeidstiltak. I skog og utmark er det og viktig at ein får til samarbeidsløysingar som effektiviserar drift og forvaltning av skogeigedomane.

2.1.3 Kompetanse

Med krav til auka lønsemd og effektivisering er det eit stigande behov for kompetanse og opplæring innan landbruksnæringa. Vi ser også at mange som overtek bruk ikkje har grunnutdanning innan landbruk og difor har behov for fagkurs innan både tradisjonell- og tilleggsnæringar. Vi har 3 vidaregåande skular i fylket basert på fagområda jordbruk, skogbruk og hagebruk som kan tilby ungdom fagopplæring. Desse skulane ynskjer vi skal spele ei sentral rolle også i etter- og vidareutdanning av bønder der vi ser behovet er stigande.

Bønder og bygder må få tilgang på kompetanse og forskning for å utvikle tradisjonell næring til nye næringar og bygdekultur.

2.1.4 Skogbruk

Om lag halvparten av det produktive skogareal er i dag økonomisk drivbart (Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, NIJOS). Skjøtsel av ungskogen – særleg gran og lauvskogen - vil vere viktig framover for å byggje opp kvalitetsskog for framtida. I løpet av ein 10-15 års periode vil planting av gran på 1940- og 50 talet vere klar for hogst. Det er ei stor utfordring å få bygd ut eit framtidsretta skogsvegnett slik at desse areala kan drivast effektivt. Det offentlege vegnettet er og ei skranke for ein kostnadseffektiv transport av tømmer i fylket. Dårlege kommunevegar gjev i mange høve ekstra kostnader for skogbruket, fordi ein ikkje kan kjøre tømmerbil med hengar, men må kippkjøre tømmeret.

Ei utfordring er å få opp avverkinga i nærområda til Granvin bruk for å kunne forsyne sagbruket med kvalitetsvirke med lave transportkostnader. I tillegg har vi 174 registrerte gardssager. Ein stor utfordring ligg i felles marknadsføring og sal mot nye marknader. Andre utfordringar er å sjå på alternativ omsetning av dei dårlegaste kvalitetane for å gje tømmeret høgare verdi. Produksjon av ved og bioenergi har det siste året auka kraftig.

Nyskaping ved bruk av trevirke er og viktig. Moderne arkitektur med bruk av tre i byar er ei viktig satsing i tillegg til å få trevirke inn som materiale i staden for stål og betong. Vi visar og til ”Strategiplan for skogbruket i Hordaland 2001”.

2.1.5. Økologisk jordbruk

Dette er eit prioritert satsingsområde i St. meld. Nr. 19 (1999-2000). Det er sett som mål av regjeringa at 10% av jordbruksarealet i landet innan



Hordaland er det fylket som har minst gjennomsnittsstorleik på bruka sine. I tillegg er dei gjerne oppdelt i flere teigar. Men denne mosaikken bidreg til eit variert kulturlandskap.
Foto: Victor Jensen



Ein av fleire skogsvegar langs Hardangerfjorden som utløser furu til lokal foredling.
Foto: Ottar Haugen



Tradisjonsmat frå Voss, speke-
mat, ost og bakverk.
Foto: Gunnar Nagell Dahl

2009 vert lagt om frå konvensjonell til økologisk produksjon. Arbeidet med økologisk landbruk involverer fleire fagområde og organisasjonar, og krev dermed eit godt samarbeidsklima. Hovudutfordringane for arbeidet med omsetjing av produkta er at nettverka er lite utvikla og kunnskapen for lite tilgjengeleg. Saueproduksjon er den som er lettast å leggje om til økologisk. Utfordringa for Vestlandsbøndene vert å møte dei bygningsmessige krava som regelverket set. Vi visar og til "Økologisk landbruk i Hordaland 2002-2006".

2.1.6. Mat

Utfordringa er å kome lenger enn å levere råvarer. Bonden må i større grad arbeide med hele verdikjeda i frå jord til bord, og vidareutvikle og vidareforedle sine produkt. Den tradisjonelle produksjonen går ned, og bonden sin utfordring er å tenke nytt i forhold til nye marknader, mellom anna småskala reiseliv, nisjeproduksjon av mat og nye produkt.

2.1.7 Frukt

Innan fruktnæringa er merkevarebygging ein stor utfordring. I Hardanger satsast det på fruktproduksjon og andre kvalitetsprodukt i frå regionen, mellom anna med ein felles marknadsføring. Dette må og sjåast i samanheng med ein krevjande internasjonal marknad.

2.1.8 Reiseliv

Reiseliv er eit utviklingsområde for landbruksnæringa i Hordaland, som ein del av inntekta til bonden, og da gjerne som ein tilleggsnæring. Utfordringa er å produktutvikla i forhold til etterspørsel (skreddarsydd kvalitet i forhold til målgruppe). Det er og ein utfordring å utnytte det store potensialet for småskala reiseliv knytt spesielt til natur- og kulturopplevingar.

2.1.9 Offentlege krav til dyrevelferd, naturmiljø og trygg mat vil måtte føre til relativt store investeringar på mange bruk her i fylket. Dyrevernmeldinga (2003) set fokus på dyrevelferd og krev omfattande investeringar i bygningar. Den kan være med på å auke trongen for endra bruksstruktur (blant anna samdrift).

2.2 Langsiktig arealforvaltning – areal som ressurs

Gjennom arealforvaltninga vert grunnlaget lagt for vidare utvikling av landbruksnæringa og bygdene. Avgangen av dyrka og dyrkbar jord har etter krigen vore stor. I Hordaland er ei av dei største utfordringane for landbruksareala er tilfeldig utbygging. Dei siste åra er det registrert 700-800 dispensasjonssaker frå gjeldane kommuneplanar. I tillegg er arealdelen til kommuneplanane ulikt oppdatert. Resultatet vert at enkelteigedomar vert frådelt og bygningar vert sett opp utan tanke på ei langsiktig sikring av gode landbruksareal.

Bygdene og landbruket må på ein helt annan måte bruke sine natur- og arealressursar for å utvikla næring, tilbod, tenester osv. som byar og tettstader ikkje har høve til å tilby. Bygda må spele på dei ressursane dei har.

2.2.1 Eigedomsstruktur

Å oppnå ein betring av eigedomssituasjonen er ein stor utfordring. Ein løysing er at kjøpar overtar hus med ei rimeleg stor tomt. Jord og skog vert samtidig overtatt av nabobruk som dermed får styrka sin driftseining. Mange brukarar har stor del leigejord, og det er difor risikabelt å investere i større mjølkekvote, fordi dei har ikkje langsiktig kontroll over areala. Nye grenser i konsesjonsloven vil no føre til at fleire eigedomar vert omsatt utan konsesjon. Lokal handtering av buplikta er da ein moglegheit det offentlege har til å påverke arealbruken. Vi visar og til strategien "Levande bygder" vedtatt av fylkeslandbruksstyret i Hordaland i 2001.

2.2.2 Kulturlandskap

Kulturlandskapet i Hordaland er synonymt med eit frodig og variert landskap. Levande bygder med eit velstelt kulturlandskap, tradisjonar og bygdemiljø er viktig for at tilreisande skal få ei positiv oppleving av fylket. Det er ei stor utfordring å gjere bonden merksam på kor viktig han er som produsent av kulturlandskap, og at folk i større grad ser endringane i landskapet. Det er og ein jobb å gjera for å få til ei god kopling mellom landbruket og reiselivet i fylket.

Det krev ressursar både i form av tid og innsikt å halde eit kulturlandskap i hevd. I dag er grasproduksjon med maskinell hausting av grovfôr frå innmarka og beitebruk bærebjelken for jordbruket. Nærare 70% av jordbruksarealet i fylket vert årleg slått av 4-hjulstraktor og fôrhaustar. Utan ein sunn økonomisk forankring i mjølk og kjøttproduksjon er det vanskeleg å sjå korleis kulturlandskapa kan haldast opne i framtida. Det er dermed viktig å sikre lønsam drift i desse produksjonane.

Det er ei utfordring å ta vare på og utvikle andre husdyrproduksjonar for å sikre biologisk mangfald. I tillegg å sjå samanhengen i dagens og framtida sine produksjonsformer og korleis dei kan styrast med tanke på størst mogleg variasjon i kulturlandskapet. I dette landskapet har også dei kulturhistoriske landskapselementa sin sjølvsegte plass. Det vert også ei utfordring å synleggjere verdiane i landskapet for ålmenta, men også problemstillingane kring attgroing av kulturlandskapet og samtidig det tunge presset på biologisk mangfald. Det er sers viktig at ein ser jord- og skogareala i samanheng i kulturlandskapet, slik at ein både tek vare på innmarksareala, og samtidig skjøttar skogareala med tanke på kvalitetsproduksjon av trevirke.

Det ligg store utfordringar i å etablere bustader, hytter og anna aktivitet i beiteområdar. Særleg er gjerdehald noko ein må ha fokus på for å unngå konflikhtar.

Det vart i 2003 utarbeidd ein strategi for miljø og kulturlandskap for å møte dei regionale utfordringane som vi står framfor, mellom anna overføring av verkemidlar til kommunane.

Fykse gard. Gjennom godt planlagd og langsiktig ryddings- og skjøtselsarbeid har grenda fått attende mykje av det opne og varierte landskapet.
Foto: Ole Bakkebø





Trygge oppvekstvilkår og opne dører er viktig for at bygda skal vere ein triveleg stad å bu.
Foto: Torleiv Skage

2.2.3 Utmark

Til no har ein hatt størst fokus på organisering av grunneigarsida og utarbeiding av forvaltningsplanar i utmarka. Næringsutvikling rundt jakt, fiske, friluftsliv og kulturopplevingar har eit stort potensiale. Kopling av utmarksopplevingar med utleige av hytter og tilleggstenester lokalt, både som reiselivsprosjekt og som næringssatsing bør vidareutviklast.

Ei raskt aukande hjortestamme i fylket må handterast betre med omsyn til beiteskader på innmark og skog.

2.3. Busetting og rekruttering

Folk flyttar i aukande grad vekk frå bygdene. I tillegg til dette er barnekulla små. I mange bygder er difor ein aktiv tilflyttingspolitikk det einaste som kan oppretthalde folketalet. Ressurssterke innflyttarar er det største aktivum bygdene kan ha. Det er difor ei utfordring å leggje til rette for at særleg ungdom kan få stetta sine behov for arbeidsplassar, kommunale tenester m.m., men også for identitet, sosialt liv og medbestemming. Fokus må likevel setjast på verdiane ved bygdelivet. Bygdene sin viktigaste fordel er at dei ikkje er byar. Ein må få fram eigenskapane som bygdene er aleine om; nærleiken til naturen, gode bustadmiljø, tette sosiale nettverk og ein mindre stressande og helsefarleg livsstil.

Bu- og driveplikt er eit verktøy for å halde landbruksareala i hevd og for at busetnaden skal kunne oppretthaldast. I dei siste åra har busetingsomsynet vorte styrka. Kommunane har mynde til å avgjere søknader om fritak frå bu- og driveplikt og det er viktig at kommunane utarbeidar eigne strategiar på området.

I Hardanger er frukt- og bærproduksjon særskild viktig for busettinga. Utfordringa ligg i å kunne utvikle desse områdene til å vere ein bærebjelke lokalt samstundes som bøndene får moglegheit til å utvikle nye marknader og nye produkt.

2.3.1 Rekruttering

Det må vere sosialt og økonomisk attraktivt å bli bonde. Bondeyrket må framstellast som attraktivt for dei som ynskjer utfordringar og ein spesiell livsstil. Ein må sikre rekruttering til bygder og landbrukseigedommar, og gjerne ved å la ”nye aktørar” komme inn i næringa.

Små produksjonsmiljø er sårbare fordi bøndene treng eit faglig miljø for å drive godt. Ein del bønder sel mjølkekvota, ekstensiverar produksjonen eller leiger vekk bruket i samband med generasjonsskifte. Årsaka til dette har både med økonomi og med haldningar å gjere. Utfordringa vert å få fram dei positive sidene ved å drive landbruk og å leggje til rette for at ungdomen ser verdiane i å drive ein gard, enten det gjeld som kulturlandskapsforvaltar eller som profesjonell næringsutøvar.

2.3.2 Samarbeid

Bønder må utvikle samarbeid seg imellom anten det er samdrift, felles tiltak, dugnader, skogsdrift og entreprenørarbeid med sikte på:

- betre fritidsordningar
- Utnytte maskinkapasitet, bygningar osv.
- For betre økonomi i dei ulike tiltaksområda
- Betre tryggleik, trivsel og sosialt liv på gardane

2.3.3 Fråflytting

Bygdene må systematisk arbeide for å utvikle seg som attraktive, innbydande og trivelige levestader for alle kategoriar av folk; innflyttarar, tilbakeflyttare, tilreisande og fastbuande.

For å hindre fråflytting og bruksnedlegging er det viktig å stimulere til både trivselstiltak og næringsutviklingstiltak. Det må leggjast vekt på å utvikle identitetsskapande tiltak, skape sosiale møteplassar som fungerer, og det må leggjast til rette for tilflytting av nye personar/familiar samtidig som ein tek vare på dei som allereie bor i bygda. Då er det viktig at det er jobb å få til ektefelle, og få vekk formelle og reelle hindringar for at innflyttarar kan overta gardsbruk og næringseigedomar. Ein må få til ein flyttestraum **til** bygda og arbeide for at innflyttarane vert i bygda. Det er ikkje lengre tilstrekkeleg å dempe flyttestraumen frå bygd til by for å oppretthalde befolkninga på bygdene.

2.4. Påverknad

2.4.1. Alliansar

Som døme kan nemnas at kultur- og reiselivsnæringa er ein viktig alliansepartner for landbruket. Reiselivet i Hordaland er i stor grad kultur- og naturbasert, der landbruksbygdene vert brukt aktivt i marknadsføring som reiselivsprodukt. Store delar av fylket sitt småskala reiseliv er også i mange høve tilleggsnæring til landbruket. Det er ei utfordring å få på plass stabile og varige kanalar for dialog og samarbeid slik at vi kan få ei positiv utvikling av begge næringane.

2.4.2 Haldningar

Landbruk er langt meir enn produksjon av mat. Det er viktig at politikarar og opinion skjønar at landbruket har ein multifunksjonell rolle, og at vestlandslandbruket er i ein spesiell situasjon i forhold til resten av landet.

Likeings må bøndene vere opptatt av å vere attraktive samarbeidspartnarar som legg vekt på å vise det gode og spennande med landbruket, slik at det vert attraktivt for nye generasjonar å overta. For å oppnå dette er det viktig med eit breitt samarbeid i alle ledd, heilt frå primærprodusent gjennom heim og skule til forbrukar.



Vi treng ein meir planmessig styring av arealpolitikken. For stor infiltrasjon av framand bebyggelse i jordbruksområda vil på sikt undergrave kultur-landskapet og vilkåra for å drive moderne og rasjonelt landbruk. Landbruksavdelinga har utvikla eit verktøy kalla "Biletspelet" for å synleggjere desse utfordringane. Bileta syner eit område kring 1950 (over) og frå 2001 (under).

Foto frå 2001: Ole Bakkebø





Lausdriftfjøs - Dyngeland i Bergen.
Foto: Erik Neerland

3. Overordna mål og strategiar for å møte utfordringane

3.1 Overordna mål

“Vi vil arbeide for eit livskraftig landbruk og levande bygder i heile fylket”

Det naturgjevne småskala landbruket i Hordaland må sjåast i samanheng med anna nærings- og samfunnsutvikling. Landbruket har ei multifunksjonelle rolle, som matprodusent, skjøttar av kulturlandskapet og som aktive kultur- og tradisjonsberarar. Denne samansette rolla er eit sentralt utgangspunkt for utvikling av levande bygder og eit livskraftig landbruk, men krev samordning av regionale og lokale utviklingstiltak og rammevilkår.

Landbruket vil framleis vera heilt avgjerande for levande bygder, men kan ikkje åleine sikra busetjing og sysselsetjing. For framtidig busetjing vil det derfor vera naudsynt at bygda framstår som ein attraktiv buplass for heile familiar, og at gode vilkår for pendling og aktiv næringsutvikling kan dekkja behov for sysselsetjing. Landbruksforvaltninga på kommune- og fylkesnivå har eit særleg ansvar for å vitalisere og utvikla bygdenæringane.

Ved alle tenkjelege alternativ er det grunn til å tru at reduksjonen i talet på bruk og brukarar vil halda fram dei næraste åra, sjølv om fylket held oppe produksjonsvoluma og jordbruksarealet ein har i dag. Nedgangen kan skyta fart viss ikkje næringa oppnår den vedtekne inntektsutviklinga, og viss ein ikkje lukkast i å utvikla ny verdiskaping på eller i tilknytning til bruka.

3.2 Strategiar

For å nå det overordna målet skal det satsast på 4 strategiar.

- 1. Arbeide for å auke verdiskapinga i landbruket i Hordaland**
- 2. Gje jord- skogbruksarealet i fylket eit sterkare vern, og styrke produksjonen av miljø- og kulturgode**
- 3. Arbeide for å vitalisere busetjinga på bygdene i fylket**
- 4. Arbeide for å endre dei sentrale rammevilkåra til betre å løyse lokale utfordringane her i fylket**

1. Arbeide for å auke verdiskapinga i landbruket i Hordaland

Skal landbruket vera i stand til å utføre dei mange samfunnsoppgåvene som den er tildelt, vil det vera naudsynt at næringa får høve til inntektsutvikling på lik linje med andre samfunnsgrupper. Ut frå ressursgrunnlaget og bruksstrukturen i Hordaland vil vilkåra for kombinasjonsbruk og fleirproduksjonsbruk få mykje å seia for utviklinga. Av verkemidlane på fylkesnivå vert fylgjande prioritert:

- Tiltak innan primærlandbruket
- Tiltak for å utvikle nye næringar
- Kompetanseutvikling

2. Gje jord- skogbruksarealet i fylket eit sterkare vern, og styrke produksjonen av miljø- og kulturgode

I Hordaland er presset på dyrka mark til andre føremål sterkt. Vi ønskjer å gi jordbruksarealet i fylket eit sterkare vern, og aktivt bruka areala til mat- og vareproduksjon, friluftsbuk og tenesteproduksjon. Vi vil og leggje vekt på at kulturlandskapet er eit resultat av kontinuerlig drift og busetjing. Kulturlandskapet er og eit sers viktig element i reiselivsprodukta til Hordaland. Vi vil difor prioritera følgjande:

- Sikre langsiktig arealforvaltning i fylket
- Eit ope og attraktivt kulturlandskap

3. Arbeide for å vitalisere busetjinga på bygdene i fylket

Landbruket er avgjerande for utviklinga i svært mange bygder, men kan ikkje åleine sikra ei positiv utvikling i busetjinga. Det er difor viktig å få til ein netto innflytting til bygdene. Næringa har ein viktig rolle for å gjere bygda attraktiv ved å rekruttera og integrera innflyttarar til lokalmiljøet. Vi vil derfor prioritera følgjande:

- Stimulere til fast busetnad på gardsbruka i Hordaland
- Auka trivsel og samhandling på bygdene

4. Arbeide for å endre dei sentrale rammevilkåra til betre å løyse lokale utfordringane her i fylket

Det er eit sentralstyrt system som legg ramane for landbruket i Noreg. Mange ulike krefter har påverknad på dette. Den einskilde aktør arbeider for sin sak. Det er difor viktig at alle gode krefter settes inn til beste for landbruket i Hordaland.

- Påverknad og lobbyarbeid

4. Aktuelle virkemidlar

Det er laga ein oversikt over tilskotsordningar i frå Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune i brosjyren ”Gjer heimplassen din til ein god plass å bu”. I brosjyren blir dei økonomiske virkemidlane presentert.



Foto: Victor Jensen

Bygdeutviklingsprisen 2003 for Hordaland frå Innovasjon Norge, gjekk til Myrdal gard på Tysnes. Her sel dei eigenprodusert ost på Bergen Matfestival - Bønder i byd'n.
Foto: Victor Jensen



5. Tiltak

Strategiar	Tiltak	Ansvar
1. Arbeide for å auke verdiskapinga i landbruket i Hordaland	Tiltak innan primærlandbruket	
	Utvikling av nye merkevarer og marknadskanalar for råvarer og foredla landbruksprodukt	IN/FMLA
	Stimulere til økologisering av landbruket, med større vareutbod og meir mangfald i produktspekter.	FMLA
	Gjennom samarbeidstiltak byggje opp og styrke lokale produsentmiljø og næringsklynger.	FMLA/IN
	Forvalte BU-midlane til tradisjonelt landbruk i samsvar med vedteke lokal policy	FMLA/IN
	Tiltak for å utvikle nye næringar	
	Forvalte BU-midlane til tilleggsnæringar i samsvar med lokal policy	IN/FMLA
	Stimulere til auka vidareforedling og verdiskaping innan landbruksbasert matvareproduksjon	IN/FMLA
	Stimulere til auka nyskaping basert på bruk av skog og trevirke	IN/FMLA
	Utvikle robuste næringstiltak basert på bioenergi.	IN/FMLA
	Vidareutvikle opplevingstilboda knytt til bygdeturisme.	IN/FMLA
	Stimulere til energiproduksjon på små kraftverk	IN/FMLA
	Utvikle allmenningstanke/samdrift av skog- og utmarksareal	FMLA
	Sikre god og miljøvennlig skogsvegbygging	FMLA
	Stimulere til auka verdiskaping knytt til fruktproduksjon	IN/FMLA
	Utvikle "Turistveg Hardanger"	Vegkontoret
	Gi støtte og rådgiving til "Inn på tunet" - tiltak/aktivitetar	FMLA
	Utvikle og gjer kjent nye og billigare byggemetodar for driftsbygningar	FMLA
	Stimulerer til entreprenørskap (bl.a. Ungt Entreprenørskap og "4H og entreprenørskap")	IN/FMLA/HFK
	Kompetanseutvikling	
	Målretta og samordna kompetanseutvikling innan primærlandbruket	IN/FMLA
	Vidareutvikle og samordne opplæringstilboda i entreprenørskap i fylket, tilpassa landbruket sine behov	IN/HFK/FMLA
	Utvikle ein strategi for målretta bruk av etterutdanningsmidlar for bønder.	FMLA
	Utvikle landbruksskulene til å verte kompetansesentra for næringa	HFK/FMLA
2. Gje jordbruks-arealet i fylket eit sterkare vern, og styrke produksjonen av miljø- og kulturgode	Sikre langsiktig arealforvaltning i fylket.	
	Utvikling av kommunale landbruksplanar	FMLA
	Arbeide for eit sterkt vern av det mest verdifulle jordbruksareala i fylket (arealdifferensiering).	FMLA
	Stimulere til aktiv forvaltning av driveplikta for landbrukseigedomar	FMLA
	Få frem korleis eigedomsholdarar i fylket er og kva verknad dei har på landbruket i Hordaland	FMLA

	Kulturlandskap	
	Arbeide for å byggje alliansar mellom bønder og reiselivsnæringa med sikte på bruk og skjøtsel av kulturlandskapet.	FMLA
	Stimulere til ein allsidig landbruksproduksjon og eit aktivt beitebruk	FMLA
	Informasjon til ålmenta om verdien av det multifunksjonelle landbruket	FMLA
	Utvikle verktøy for å verne særleg verdifullt kulturlandskap.	FMLA
3. Arbeide for å vitalisere busetjinga på bygdene i fylket.	Stimulere til fast busetnad på gardsbruka i Hordaland	
	Stimulere kommunane til samordna og konsekvent praktisering av buplikta.	FMLA
	Setje i gang prosjekt for å auke tilflyttinga til bygdene.	FMLA/HFK
	Informasjon og bevisstgjerjing av personar som står framfor generasjonsskifte.	FMLA
	Auka trivsel og samhandling i bygdene	
	Få til bygdemobiliseringsprosessar	FMLA/HFK
	Stimulere til sosiale møteplassar på bygdene	FMLA/HFK
	Medverke til betre og sikrare infrastruktur og kommunikasjon i fylket	HFK
4. Arbeide for å betre tilpasse dei sentrale rammevilkåra for landbruket til dei lokale utfordringane her i fylket.	Påverknad og lobbyarbeid	
	Gjere tilgjengelig og fremje jord- og skogbruk i høve til førebyggjande helse, rekreasjon og friluftsliv	FMLA
	Visualisere konsekvensar av endringar i kulturlandskapet	FMLA
	Påverknad og lobbyarbeid mot opinion og sentrale myndigheiter om særigne tilhøve for vestlandslandbruket	HFK
	Motivere politikarar til å styrke vernet av verdifullt landbruksareal	FMLA/HFK
	Dokumentere verdien landbruket har for reiselivsnæringa i Hordaland	FMLA

Forkortingar

FMLA	Fylkesmannen i Hordaland - Landbruksavdelinga
IN	Innovasjon Norge
HFK	Hordaland fylkeskommune

Vedlegg:

Det er laga ei eigen oversikt over aktuelle prosjekt knytt til Landbruksplanen. Den ligg som vedlegg til Landbruksplanen og vert lagt ut på våre internettsider: www.fylkesmannen.no/hordaland.

Vedlegget vert oppdatert årleg frå 2005-2007



Hordaland Bonde- og småbrukarlag
v/Åse Marie Reisæter
5776 Nå
Telefon: 53 66 23 91 / 48 02 10 04
www.smabrukarlaget.no/fylke/hordaland/



Hordaland Bondelag
Bjørns gate 1
5008 Bergen
55 54 67 90
www.bondelaget.no/hordaland/



Hordaland fylkeskommune
Strategi- og utviklingsavdelinga
Agnes Mowinkelsgt. 5
Postboks 7900
5020 Bergen
55 23 92 82
www.hordaland-f.kommune.no/



Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavdelinga
Kagt. 9
Postboks 7315
5020 Bergen
55 57 21 40
www.fylkesmannen.no/hordaland/



Innovasjon Norge-Hordaland
Kagt. 9
Postboks 7322
5020 Bergen
55 55 93 55
www.invanor.no/